



Linda Lillesletten skal leia ei rus-undersøking blant elevar i ungdomsskulen seinare denne månaden. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rundt 350 elevar som går i åttande- og tiandeklassane på ungdomsskulen i Kvinnherad (med unntak av Åkra) skal vera med i ei anonym undersøking om rus den 25. oktober. Det fortalde ruskonsulent Linda Lillesletten då ho måndag gav ei orientering under lagsmøtet til Uskedalen Helselag på AFA.

Undersøkinga går føre seg på data, med lærar til stades. Hensikten er å finna ut om det er mykje rusmidlar i bruk blant ungdommen i kommunen. Lillesletten preiserer at det ikkje ligg nokon indikasjon på aukande rusmisbruk til grunn for undersøkinga. Den er heller ikke spesielt djuptpløyande. Dei 20 spørsmåla som blir stilt er henta frå Bergensklinikkene som Lillesletten jobba for tidlegare.

I 2000 var det også ei undersøkjing og den var større enn denne.

- Undersøkjinga vil gje oss ein peikepinn på korleis ungdommane har det med omsyn til rusbruk og fortelja oss om det til dømes er nødvendig med større vekt på utekontaktane og på rettleiing til heimane, seier ruskonsulenten.

Sjuepleiaren, som opprinneleg er frå Husnes, har jobba med psykiatri og rus i mange år og er no tilnyttta barnevernet i Kvinnherad. Men frå årsskiftet skal ho tilbake til stillinga si som flyktningekonsulent. Akkurat no leiar ho også eit røykjesluttkurs i Uskedalen.

Sidan i januar har Linda vore saman med utekontaktane, som det er fire av i kommunen og som har tett samband med ungdommen. Dei har ope kvar kveld med unnatak av laurdag og sundag. I haust har utekontaktane også halde to temakveldar med fokus på rus.

Sist sommar kunne det ein periode verka som det var mykje narkotika på Husnes, særleg blant ungdom som var først i 20-åra.

- Men det går i bølger og no høyrer vi ingenting meir om dette, konstaterte Linda.

På Husnes søker dei unge til Senteret for å rusa seg, men dei samlar seg også litt rundt i dei andre bygdene.

- Der foregår det også skjult rusing som vi ikkje kjenner til, meinte Linda.

Ho trur ikkje at Kvinnherad er noko betre stilt med omsyn til narkotikamisbruk enn andre bygder. Men det dei høyrer mest om er alkoholen, som ungdommen tar til å drikka allereie i 13-årsalderen. Det skjer ofte etter eit sterkt gruppepress. Og det er klårt at hvis dei får lov til å drikka heime, drikk dei også meir når dei kjem ut.

Linda Lillesletten peika også på at vi etterkvart er i ferd med å få kontinentale drikkevanar også her i landet – men til forskjell frå utlandet held vi framleis på helgefylla i tillegg!

Ho hadde ellers ei kritisk haldning til at ressurs-personar går ut og vil legalisera hasj og mariuana. Det er eit fåtall som maktar å ha ein kontrollert bruk av desse stoffane.

Men ho minna om at alkoholen framleis tek mange fleire liv enn narkotika.

Og no er eit nytt problem aktuelt med omsyn til avhengigheit. Det knyttar seg til dei som har vorte for hekta på data!

Av Ola Matti Mathisen